

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 08. mai 2025

Navn	Signert med	Tidspunkt
Bjarte Hammer Aarland	BankID OIDC	2025-05-14 10:41:02
Kari Vevle Reigstad	BankID OIDC	2025-05-13 18:51:56



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Osterøy sokneråd

Dato og tid: 08.05.2025, 17:00

Stad: Kyrkjesenteret i Lonevåg

Saksmappe: OS2025-11

Til stades: Bjarte Aarland (Leiar), Kari Vevle Reigstad (Nestleiar), Anne Cecilie Skeidsvoll (Medlem), Anne-Mari Tyssebotn Bardsley (Medlem), Evy Bysheim Pedersen (Medlem), Jan Roald Myking (Medlem), Kristin-Merete Nøttveit (Medlem), Liv Rivenes (Medlem), Magne Roald Vikne (Medlem), Miriam Skjelvik Kalland (Medlem), Otto Mo (Medlem)

Forfall: Mariann Aasheim (Medlem), Sigmund Faugstad (Andre innkalte)

Protokollfører: Linda Gripsgård Lunga

Meldt forfall for Sigmund Faugstad, vara Gerd-Karin Njåstad stilte i hans fråver. Jan Roald Myking gjekk kl 18.50.

Sakslista

Faste Saker

012/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

013/25 Godkjenning av protokoll

Møtesaker

014/25 FR- Søknad nye panelovnar i Hamre kyrkje og vurdering av stenginga av kyrkja vinteren 2024

015/25 FR - Kompostbinge på Gjerstad kyrkjegard

016/25 FR - 4 års økonomiplan

017/25 Leasing av grasklyppar

018/25 SR-"Kyrkja vår"

Orienteringssaker

00001 SR- Utegudstenester på Ole Bull ferja og på Hamre

00002 SR- Ny organist frå 1.8.25 v/Linda.

00003 SR- Årsmøte for kyrkjebladet v/Evy

00004 SR- Kapellanstillinga v/Astrid Marie

00005 SR - Ledlys i Hamre kyrkje v/Linda.

00006 SR - Styret i kyrkjelydshuset på Haus v/Liv.

Bjarte Aarland
Leiar

Kari Vevle Reigstad
Nestleiar

012/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	08.05.2025	012/25

Forslag til vedtak

Innkalling og saksliste er godkjent

Vedtak

Godkjent.

013/25 Godkjenning av protokoll

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	08.05.2025	013/25

Forslag til vedtak

Godkjenn protokoll fra møte 10.3.25

Vedtak

Godkjent.

014/25 FR- Søknad nye panelovnar i Hamre kyrkje og vurdering av stenginga av kyrkja vinteren 2024

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	08.05.2025	014/25

Forslag til vedtak

Soknerådet ber kyrkjeverja ta kontakt med Riksantikvaren om korleis ovnane skal sjå ut, og sjekke pris på desse.

Dersom ovnane vert sett opp innan vinteren 2025 kan kyrkja haldast open for aktiviteter.

Møtebehandling

Evalueringa av stenging av Hamre kyrkje vinteren 2024/2025:

Det var mange negative henvendelser både til leiar, medlemmar i soknerådet, på kontoret og på Facebook. Dersom vi skal halde kyrkja open vinteren 2025/2026 må det kome opp panelovnar i koret og oppe med orgelet. Dette må det søkjast om til Riksantikvaren. Ein kan vurdere å stenge kyrkja dersom det skulle kome særskilde kalde veker. I utgangspunktet held me kyrkja open, dersom ovnane kjem på plass.

Vedtak

Soknerådet ber kyrkjeverja sende søknad til Riksantikvaren om oppsett av panelovnar i koret og oppe med orgelet.

Dersom det går i orden innan vinteren kan kyrkja heldast open for gudstenester, konsertar, gravferder og andre aktivitetar.

Ei stenging av kyrkja dersom særskilde kalde veker er likevel mogleg.

015/25 FR - Kompostbinge på Gjerstad kyrkjegard

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	08.05.2025	015/25

Forslag til vedtak

Soknerådet foreslår at kompostbingen vert fjerna i mangel på ressursar til å vedlikehalde den.

Møtebehandling

Soknerådet er positive til at kompostbingen kan brukast, men ser ikkje i dag at det er folk som kan ta jobben med oppfølginga av tømninga og sorteringa av innhaldet i bingen.

Vedtak

Kompostbingen vert fjerna. Alternativt kan ein starte opp igjen ein slik bing i 2026.

016/25 FR - 4 års økonomiplan

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	08.05.2025	016/25

Forslag til vedtak

Kyrkjeverja utarbeidar eit forslag til 4 årsplan med innspel får Økonomiutvalet og Aider innan fristen 30.juni.

Møtebehandling

Det er viktig med ein lengre horisont på økonomien. Soknerådet ønskjer eit forslag på 4 årsplan til neste møte i soknerådet den 10.mai. Kyrkjeverja ønskjer at Økonomiutvalet deltek i utarbeidinga.

Vedtak

Kyrkjeverja utarbeidar eit forslag til 4 årsplan med innspel frå Økonomiutvalet og Aider innan fristen 30.juni.

017/25 Leasing av grasklyppar

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	08.05.2025	017/25

Forslag til vedtak

Lease den fjernstyrte Raymoen i 7 år til ein årskostnad inkl mva på ca kr 80 000,-. Då med eitt batteri. Behalde den gamle Raideren som ekstra maskin.

Møtebehandling

Vi må sjekke om det føreligg service inne i leasingavtalen og sjekke ut avtalen saman med soknerådsleiar og Jan Roald i Økonomiutvalet.

Vedtak

Lease fjernstyrt grasklyppar i 5 år med eitt batteri.

018/25 SR-"Kyrkja vår"

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	08.05.2025	018/25

Forslag til vedtak

Soknerådet tek opplæringa til orientering.

Møtebehandling

Anine hadde ein time med læring om verktøyet "Kirka vår". Dette er ein heilheitleg plan for sokneråd og stab. Trusopplæringsplanen ligg der som et verktøy. Det skal visa aktiviteter i kyrkjelyden vår og vere synleg for alle. Når nokon sluttar skal nye kunne gå inn i dei ulike tiltaka og sjå kva tiltaka inneheld. Soknerådet kan jobbe vidare med "Kirka vår" på soknerådsmøta og avgjere dei 4 viktigaste satsingane å jobbe med i 2025. Alle i soknerådet har no fått lesetilgang.

Vedtak

Soknerådet tek til seg opplæringa i "Kirka vår" og jobbar vidare med kva vi skal ha med i verktøyet.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	08.05.2025	00001

00001 SR- Utegudstenester på Ole Bull ferja og på Hamre

Informasjon

Astrid Marie informerer om utegudstenestene på Ole Bull ferja og på Hamre.

Utegudstenesta på ferja:

Denne gudstenesta er eit samarbeid for alle dei tidlegare sokna på Osterøy. Dagen er 2.pinsedag, 9.juni kl 10.00. Vi er no eitt sokn, og ønskjer å leggje til rette for det. Osterøykoret kjem og Ingrid Sofie Midtbø Bruner vil spele. Kan soknerådet stille med rigging, kaffikanner og kaker? For å nå ut bredt lagar eit arrangement på Facebook.

Utegudstenesta på Hamre:

Dette er søndag 6. juli kl 11.00. Dersom det vert dårleg vêr er gudstenesta inne i kyrkja. Hvis godt vêr er den ute og parken vert brukt. Borgstova kan bli brukt til kyrkjekaffi dersom vêret vert dårleg. Kyrkjeutvala og soknerådet vert spurt om å ta med to fat, kaker eller fruktfat. Vi treng også kaffi, saft og te. Denne gudstenesta er også tenkt som ei gudsteneste for heile øya.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	08.05.2025	00002

00002 SR- Ny organist frå 1.8.25 v/Linda.

Informasjon

Haldor Askeland Mjelstad har fått tilbod om organiststillinga og har takka ja.

Det var tre søkjarar til stillinga og Haldor vart innstilt som nr 1.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	08.05.2025	00003

00003 SR- Årsmøte for kyrkjebladet v/Evy

Informasjon

Mandag 31.mars hadde vi årsmøte for det nye kyrkjebladet i kyrkjelydshuset på Haus. Det kom nokre få frå dei andre tre kyrkjelydane, medan ein fin gjeng frå Osterøy sokneråd stilte opp. Alt i alt eit vellukka møte.

Vedlagt ligg møteprotokollen og årsrekneskapet med noter.

Det har tatt lang tid å få organisasjonsnummer. No er det vedtektene i Brønnøysundregisteret som vi retter oss etter. Neste utgåve vert eit A4-format med 16 sider. Tittelen på bladet er endra frå "God helg" til "Kyrkjelyds/menighetsblad". Bladet er framleis felles for Biskopshavn, Eidsvåg, Salhus og Osterøy.

Ei sak på møte vart ei endring på annonseinntektene: Frå tidlegare har desse vorte delt mellom dei 4 kyrkjelydane, no beheldt den kyrkjelyden som har skaffa dei sjølv.

Styret fortset i 1 år til. Eidsvåg manglar eit styremedlem og må skaffe ein til.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	08.05.2025	00004

00004 SR- Kapellanstillinga v/Astrid Marie

Informasjon

Kapellanstillinga skal lysast ut igjen. 28. april er fristen for å sende innspel til bispedømet angående utlysningsteksten. Prosten har sendt oss teksten for gjennomlesning og innspel.

Vedlagt er utlysningsteksten med dei endringane som føreligg.

No er den ledige stillinga lyst ut med søknadfrist 25.mai. Intervju er 2.3. og 4.juni. Frist for soknerådet si uttale er 12. juni. Vi endrar difor neste soknerådsmøte til tirsdag 10.juni kl 17.

Bjarte stiller frå soknerådet i intervjuet og innstillinga. Vara for han vert Kristin Merete Nøttveit.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	08.05.2025	00005

00005 SR - Ledlys i Hamre kyrkje v/Linda.

Informasjon

Det endelige tilbudet frå Thunestvedt/Bravida vart det billigaste. Dei vil utføre jobben i veke 23 og vi stenger Hamre kyrkje den veka. Kyrkjefondet betaler ut største delen av dei 90 000,- når jobben har starta. Dei restrerande 5% vert betalt ut etter at jobben er gjort.

Vedlagt er tilbudet frå Thunestvedt.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	08.05.2025	00006

00006 SR - Styret i kyrkjelydshuset på Haus v/Liv.

Informasjon

Det nye styret i kyrkjelydshuset hadde sitt første møte 17.mars.

Leiar -Tor Lone

Nestleiar - Magne Vikne

Styremedlem - Otto Mo

Skrivar - Liv Rivenes

Liv orienterer frå møte.

Vedlagt er referatet frå møte.

Vi prøver å dele kalender med Liv Rivenes, slik at ho kan sjå når kyrkjelydshuset er ledig. Styret set opp ny dato for dugnad, då det likevel ikkje var ledig i kyrkjelydshuset på oppsatte dato. Det er plan om nedvasking av kjøkken. Fleire trengs til å delta. Dei planlegg basar til hausten, der det kan vere gevinstar frå heile soknet.

Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 08. mai 2025

Navn

Kari Vevle Reigstad

Dato

2025-05-13

Navn

Bjarte Hammer Aarland

Dato

2025-05-14

Identifikasjon



Kari Vevle Reigstad

Identifikasjon



Bjarte Hammer Aarland



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))